



trygg, raus og kreativ

Saman om læring og glede!

# KVA BETYR VÅRE VERDIAR FOR OSS?



Skulen skal vere ein **TRYGG** plass for alle. Til døme betyr det at du er trygg nok til å våge å ta feil, kjenner deg trygg i skulegarden eller veit at du har vaksne du kan snakke med.

Vi vaksne skal vere trygg i våre roller. Det er viktig at elevane skal oppleve at vi ser dei, at dei skal føle seg trygg nok til å kunne fortelje om seg sjølv og gje av seg sjølv, at dei skal ta ansvar for kvarandre og seg sjølv for å få eit godt læringsmiljø. Vi skal vere til stade for kollegaer, elevar og føresette.

# KVA BETYR VÅRE VERDIAR FOR OSS?



Ein trygg skule betyr også ein **RAUS** skule. Her skal det vere trygt å vere seg sjølv, fordi vi er rause med kvarandre. Det betyr også at vi gjer av oss sjølv uten å forvente noko tilbake. Vi er inkluderande og medmenneske.

Vi vaksne visar varme i vårt møte med elevane. Vi visar omsorg og er til stade for kvarandre for å lære elevane å være raus ovanfor kvarandre.

# KVA BETYR VÅRE VERDIAR FOR OSS?



På Sviland er du **KREATIV** og tenkjer positivt og løysingsorientert. Det er ikkje eit problem, bare ein utfordring.

Vi skal vere skapande og nytenkjande. Innovasjon!

Vi vaksne skal variere og tilpasse undervisinga til kvar enkelt elev.

Elevane skal få vere med å løyse utfordringar for å stimulere kreativiteten.

# LØFTENE VÅRE



Ved hjelp av relasjonar, læring og glede vil vi skape robuste elevar.  
Dei skal få med seg verktøy til å takle livet som gode medborgarar.

*Her er vårt løfte til...*

*...elevane*

- Vi vil rettleie deg til å bli den beste utgåva av deg sjølv.

*...føresette*

- Vi vil i samarbeid med de  
gje barnet ein robust grunnmur og læring i eit trygt miljø.

# LØFTENE VÅRE



Ved hjelp av relasjonar, læring og glede vil vi skape robuste elevar.  
Dei skal få med seg verktøy til å takle livet som gode medborgarar.

*Her er vårt løfte til...*

*...kollegaene*

- Vi skapar eit sterkt fellesskap gjennom å samarbeide,  
vere rause, lojale, ærlege og bidra med humor.

*...skoleeigar/myndigheit*

- Vi skal vere modige og innovative.

*...samfunnet*

- Vi jobbar målretta for at elevane våre skal bli ansvarsfulle menneske,  
som visar raushet for medmenneske og respekt for miljøet.